



**MELDING OM VEDTAK**  
frå  
møte i kommunestyret 18.2.2016

Saksnr 2016/160	Løpenr. 1999/2016	Klassering 019	Avd / sakshandsamar SET/ HBG	Dato 24.2.2016
--------------------	----------------------	-------------------	---------------------------------	-------------------

**PS 12/16 Rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing**

**Kommunestyret si handsaming:**

*PS 12/16 vart handsama etter PS 13/16.*

**Truls Håbakk FRP, fremja fylgjande forslag:**

*Intensjonsavtalen om kommunereform som Hareid og andre kommunar forhandlar fram våren 2016, skal leggest til grunn for folkerøystinga. Det skal utformast røystesetlar i tråd med saksframlegget. Avtalen og røystinga skal gjerast kjent gjennom m.a. annonser, informasjon til husstandane, på nettstaden til kommunen og i sosiale medium og på folkemøte.*

*Røystesetelen skal ha denne teksten:*

*[Overskrift]: Rådgivande folkerøysting i Hareid kommune om kommunereform*

*[Spørsmål 1 :] Ynskjer du at Hareid kommune skal slå seg saman med nokon av nabokommunane?*

*[To svaralternativ med kvar sin avkryssingsboks:]  
[Ja]  
[Nei]*

*[Spørsmål 2 :] Dersom det vert kommunesamanslåing, bør Hareid kommune danne ei ny kommune saman med YSS eller RS?*

*[To svaralternativ med kvar sin avkryssingsboks:]  
[Ytre Søre Sunnmøre]  
[Regionkommune Sunnmøre]*

*[Kommentar nedst på setelen:]*

*Du kan berre sette eitt kryss på kvart spørsmål.  
Det er ikkje eit krav å svare på spørsmål nummer 2.  
Setlar utan kryss tel som blank røyst / veit ikkje.*

**Marianne Overå FL, fremja fylgjande forslag:**



Oppstillinga vert sett opp horisontalt:

1. Hareid      2. Regionkommune      3. YSS

Set eitt kryss

1. Hareid kommune bør halde fram som eiga kommune
2. Hareid kommune bør skipe ei ny kommune saman med Regionkommune Sunnmøre
3. Hareid kommune bør skipe ei ny kommune saman med Ytre Søre Sunnmøre

**Ottar Røyset H, fremja fylgjande endringsforslag:**

punkt 16:

Det skal haldast førehandsrøysting desse stadane og tidene:

Hareid rådhus: 18. april–13. mai på kvardagar mellom kl. 09 og 14.

28 april og 10. mai kl. 09-18

Hadartun: 11. mai kl. 10–12

Hareid ungdomsskule: 10. mai kl. 10–13

Valstyret skal oppnemne røystemottakarar og legge til rette for førehandsrøysting i tråd med valloven § 8-2 til § 8-5.

**Jenny Helen Korsnes V, fremja fylgjande forslag:**

Stemmegeving:

Du har tre alternativ å velje mellom:

<input type="checkbox"/>	Hareid kommune som no
<input type="checkbox"/>	Hareid kommune saman med kommunane på Ytre Søre Sunnmøre
<input type="checkbox"/>	Hareid som del av Regionkommune Sunnmøre

Skriv eit eitt-tal framfor ditt fyrsteval.

Skriv eit to-tal framfor ditt andre val ( blankt om du ikkje kan tenke deg fleire alternativ )

Skriv eit tre-tal framfor ditt tredje alternativ ( blankt om du ikkje vil gi di stemme )

**Oppteljing:**

Eit eitt-tal gir tre poeng

Eit to-tal gir to poeng

Eit tretal gir eitt poeng

Blankt gir 0 poeng

**Resultat:**

Høgste poengsum gir svaret på kvar meiningane er sterkast.

Det vart halde gruppemøte i 10 minutt før røysting. Kommunestyret heldt prøverøysting før ordinær røysting.

**20 voterande**



*Jenny Helen Korsnes V, trekk attende sitt forslag.*

### **Røysting:**

Det vart røysta slik:

Ottar Røyset sitt forslag om å utelate Ulstein vidaregåande skule – vedteke med 19 røyster for – 1 røyst mot.

Ottar Røyset sitt resterande forslag – samrøystes vedteke

Formannskapet si tilråding med endringar – samrøystes vedteke

Marianne Overå sitt forslag vart røysta opp mot Truls Håbakk sitt forslag:

Marianne Overå sitt forslag – vedteke med 14 røyster for – 6 røyster mot

### **Vedtak:**

- 1. Det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i spørsmålet om samanslåing av kommunar. Vallova og prosedyrar for ordinære val skal leggst til grunn for folkerøystinga så langt dei er relevante.**
- 2. Intensjonsavtalen om kommunereform som Hareid og andre kommuner forhandlar fram våren 2016, skal leggst til grunn for folkerøystinga. Det skal utformast røystesetlar i tråd med saksframlegget. Avtalen og røystinga skal gjerast kjent gjennom m.a. annonser, informasjon til husstandane, på nettstaden til kommunen og i sosiale medium og på folkemøte.**

**Røystesetelen skal ha denne teksten:**

- 1. Hareid      2. Regionkommune      3. YSS**

**Set eitt kryss**

- 1. Hareid kommune bør halde fram som eiga kommune**
- 2. Hareid kommune bør skipe ei ny kommune saman med Regionkommune Sunnmøre**
- 3. Hareid kommune bør skipe ei ny kommune saman med Ytre Søre Sunnmøre**

- 3. Folkerøystinga finn stad torsdag 19. mai 2016, med oppteljing same dag.**
- 4. Røysteretten følgjer vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommuneval (valgloven § 2-2 (1) og (2). I tillegg har alle som fyller 16 eller 17 år i løpet av 2016 røysterett. Der lova gir opp datoen 30. juni, skal ein i samband med folkerøystinga i Hareid bruke 29. februar. Det skal tingast eit manntal som skal ligge ute til offentleg ettersyn på Hareid rådhus til røystinga er avslutta.**
- 5. Desse røystekrinsane, røystelokala og opningstidene skal nyttast den 19. mai:**
  - Bigset krins – bedehuset kl. 13 – 19**
  - Brandal krins – Brandal friskule kl. 13 – 19**
  - Hareid krins – Hareid rådhus kl. 10 – 21**
  - Hjørungavåg krins – bedehuset kl. 13 – 19**



6. Det skal haldast førehandsrøysting desse stadane og tidene:  
*Hareid rådhus: 18. april–13. mai på kvardagar mellom kl. 09 og 14.  
28. april og 10. mai kl. 09 - 18  
Hadartun: 11. mai kl. 10–12  
Hareid ungdomsskule: 10. mai kl. 10–13*  
Valstyret skal oppnemne røystemottakarar og legge til rette for førehandsrøysting i tråd med valloven § 8-2 til § 8-5.
7. Søknad om ambulerande røysting må vere komen inn til kommunen i løpet av 10. mai 2016.
8. Ein eigen prosedyre for førehandsrøysting i brev skal leggest fram for valstyret.
9. Oppteljinga skal skje som på valdagen, krins for krins. Kapitla 9 og 10 i vallova, om røysting, oppteljing m.m., skal følgast så langt dei er relevante. Røysesetlane skal teljast førebels og endeleg. Administrasjonen får mynde til å offentleggjere resultatet når den endelege teljinga er gjort. Røystestyra skal underskrive protokollar for røystinga i krinsane. Valstyret skal underskrive protokoll for den samla røystinga og oppteljinga.
10. Valstyret og valsekretariatet får ansvaret for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga etter delegasjonsreglement KST PS 76/14.

Hareid, 24.2.2016

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork  
Utvalsekretær

*Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering*